

Høyringsuttale for Låvi kraftverk saksnr 202525845

Vi er grunneigarar på Låvi og i Låvisdalen

Eldrid og Olav Grønsberg 28/17 org.nr 980996018

Hannah Jane Wood 28/7

Punkt 3.3.5 Adkomst tunnel Låvi kraftverk

Me ynskjer at ein skal bruke det eksisterande adkomst tunnel som innslaget ved Tuppeberg. Dersom ikkje dette er mogleg, bør det nye tunnelinnslaget vere på vestsida av det eksisterande innslaget. Dette fordi det vil spare mykje dyrka mark.

Punkt 3.3.8 Veibygging

Vassbygdi

Når de nå vil etablerar ein ny permanent veg frå fv 50 i Hagane(figur 19), ynskjer me at de ser eit mogleg samarbeid med Statens vegvesen for å løyse ein av dei nåverande flaskehalsar, som er Hagatunnelen.

Punkt 3.3.10 Massetak, deponi og riggområder

Tipp Låvi 1

Me meiner det beste alternativet er å deponere mest mogleg av massane ved Låvi 1.

Det er viktig å avdekke jorda, og tippe massar forbi Geithellergroi og ut mot nipa. Her vil tippen gli lett inn i terrenget.

I fagrapporten står det at» gammel høgstaudegråorskog er ein naturtype som antas å opptre *hyppig* og dekke store områder i det større geografiske området utenfor de kartlagte planområdene» Med dette meiner me at det ikkje er naudsynt å ta hensyn til gammal høgstaudegråorskog i tippområde. Det er også veldig uheldig for beite.

Ved å få dekke tippområdet med finknust fylt masser + dei avdekke(og sorterte for stein) jordmassane trur me at det vil bli ein tipp som vil gi eit godt beiteområde/ slåttemark. Det ideelle er å ha eit topplag på 30 cm eller meir

Tipp Låvi 2

Det planlagt tippområde kjem i berøring av, og vil øydelegge høgdebassenget for det private vassverket som vi har på Låvi. Det er eit nyleg oppgradert høgdebasseng.

Område er i eit bratt terreng i dag. Dersom ein fyller masser der, vil ein ikkje kunne bruke vassverket- det vil sei- me vil ikkje ha vatn til privathusholdning. Me ber dykk derfor skrinlegge tippområde som kjem i nærleiken av høgdebassenget. Å ha tippområde i eit slikt bratt terreng, vil garantert også vere utsett for at det kjem rasmassar ned på dyrka mark. Det vil også bli veldig vanskelig å få jorddekka eit slikt bratt terreng. Jordmassane vil med stor sansynlegheit bli utvaska. Dersom ein skal fyller masser mellom tverrelvi og høgdebassenget, vil medføre meir støy for bebuarane på Låvi.

Det ligg også vatningsanlegg i tipp Låvi 2, som må takast hensyn til og ikkje øydeleggast.

Vårt ynskje er at tipp Låvi 2 vert flytta fram, med start ved Albjødlane og fyller massar på baksida av haugen (på Albjødlane) opp imot og bak Klettane. Tippområdet her vil vere lite synleg frå alle kantar. Område opp mot Klettane og inn mot fjellfoten, består av mykje ur. Dersom ein har deponiet lenger fram(øst), vil det heller ikkje komme i konflikt med høgdebassenget.

Dei permanente deponia på Låvi vil ha store negative konsekvenser for oss som har dyra våre i utmarka. Me mister minst 200 da. Det er viktig at me vert høyrde. Det er viktig å gjere det beste ut av tippområda, slik at område kjem raskast mogleg «tilbake» og kan nyttast som utmarksbeite, innmarksbeite og/ eller slåttemark.

Det er viktig å vere i nær dialog med beitebrukarane om gjerding, slik at dyra ikkje kjem inn i anleggsområdet og ut av beiteområdet. Det vert brukt som beite både vår, sommar og haust.

Deponi Låvisdalen

Vi ynskjer at massedeponiet i Låvisdalen skal utformast som flatt terreng framom Millionhaugen. (slik som i dag). Låvisdalen er ein U-dal. Det er ikkje naturleg å legge «store haugar» midt i ein U-dal. Ved å jordekke område vil dette bli like bra som i dag.

Alle tippane bør vere så flate på toppen som mogleg, slik at ein kan nytte dei som slåtteareal, eventuelt beitepussast med traktor. Me har eit stor ynskje om at desse areala fortsatt skal vere grunneigar eigd. Det vil vere praktisk å ha eit jordskifte på Låvi dersom dette blir slåttemark.

Grunneigarane på Låvi må kunne ha tilgang til skogteigane sine ved å nytte traktorvegen over 200meter under og etter at anleggsperioden er ferdig. Vi har fleire traktorvegar, vert

desse brukt i anleggsperioden, må dei haldast vedlike og oppgraderes til å tåle tunge kjøretøy.

Riggområde

Det er veldig uheldig at ein skal nytte dyrkamark til riggområde.

Reserveriggområde R5 ved sida av dyrkamark ved Tuppeberg, og reserveområde i Nestehagen, (ved sida av fiskehuset) er å foretrekke.

Område i Nestehagen vart brukt til riggområde ved forrige utbygging, derfor meiner vi at desse områdene er eit mykje bedre alternativ enn å ta dyrka mark.

3.10 Fordeler og ulemper med tiltaket

I søknaden om konsesjon er landbruk lite konsekvensutreda. Det meiner me er svært tankevekkande. Det er her ikkje teke med dei store ulempene som massedeponiene medfører for landbruket, utmark i deponiområde og tilkomst til utmark utanfor deponiområde. Utmarka er ein stor ressurs for oss som har beitedyr. Når så mykje vil bli «borte» i lang tid, vil me måtte kompensere for utmarkbeiteressursane, med innmark og dyrka mark, eller redusere på dyreantall. Mykje av utmarksressursene vil bli ikkje - eksisterande i mange år. Det vil med andre ord ha økonomiske konsekvenser for oss.

6.2 Naturmangfold på land

Skadereduserende og kompenserende tiltak

Me kan ikkje sjå at det er skadereduserande å legge «naturlige øyer» inn i eit masse deponi. Det vil i alle fall ha negative konsekvenser for å kunne bruke beitepussar, og bruke arealet til slåttemark.

Vi støtter viktigheita som Statsforvaltaren skriv i sitt fråsegn om jordvern og at mogleg mangel på jordmassar kan bli eit stort problem for å kunne tilbakeføre deponia til beitemark/ slåttemark

Me presiserer viktigheita med å bruke finknust fyllitt på deponia før eit topplag med jord.

Gjerdehold i anleggområde både i Låvisdalen og på Låvi er viktig for at dyra våre ikkje skal komme i farlege situasjonar.